

NOTERT



FOTO: SCANPIX

Kraft: Det har vore godt tilsig til vassmagasina i haust.

ENERGI

Mykje regn gav fulle kraftmagasin

* Det har vore meir regn enn normalt i sommar og haust. Det gav kraftverka bra tilsig til vassmagasina og høve til å selje mykje straum til utlandet i tredje kvartal. Etterspørselen frå utlandet har og ført til prisauke her i landet.

Fyllingsgraden i vassmagasina var mot slutten av tredje kvartal på 86 prosent, som er om lag som normalt for årstida, fortel Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Nettoeksporten av kraft var i tredje kvartal på 5,9 TWh, om lag like mykje som vi importerte. Dei to første kvartal i år måtte vi importere meir straum enn vi klarde å produsere sjølve. ©NPK

* EUROKRISA

Støre ikkje skremd av teknokratstyre

Utanriksminister Jonas Gahr Støre er ikkje uroa over teknokratanes innmarsj i regjeringskontora i dei kriseramma eurolanda.

– Europa er i dag i ein svært utfordrande demokratisk situasjon. EU står overfor eit akutt demokratisk problem, No skal teknokratar avgjere framtida til Hellas og Italia, sa Erik Oddvar Eriksen, då han opna konferansen «Europas demokratiske utfordring» i regi av Arena, Universitetet i Oslo sitt Europaforskningsprogram. Eriksen er professor og forskingsleiar ved Arena.

Tid og energi

For å understreke poenget trekte professoren fram dramaet rundt den tidlegare greske statsministeren Giorgios Papandreou sitt

krav om ei folkerøysting om EUs redningspakke tidlegare denne månaden.

– Då Papandreou la fram eit så sjølvsgatt demokratisk krav som det å gjennomføre ei folkerøysting, skapte det stort oppstuss, sa Eriksen.

Han la til at demokratiet for mange ikkje framstår som raskt nok til å handtere denne økonomiske krisa.

– Demokrati krev både tid og energi, sa Eriksen.

Ikkje uroa

Utanriksminister Jonas Gahr Støre, som heldt hovudinnlegget

på konferansen, understreka at han ikkje deler Eriksens uro over teknokratanes innmarsj.

– Eg kan ikkje sjå at teknokratane er eit trugssmål mot demokratiet, sa Støre.

Han påpeika at både Lucas Papademos i Hellas og Mario Monti i Italia vart vald som nye statsministrar etter ei avgjerd teken i det demokratisk valde parlamentet.

– Alle reformprogramma dei føreslår må også vedtakast i parlamentet, sa Støre.

Fryktar populistar

Støre gjorde eit poeng ut av at han trur teknokratar vil kome til å spele ei avgjerande rolle for å løyse den økonomiske krisa Europa no er oppe i.

– Eg vil heller sjå ekspertar styre enn at populistiske rørslar med ekstreme synspunkt får posisjonar, sa Støre.

Fakta

Konferanse om demokrati

- * **Arena** er Universitetet i Oslo Europaforskningsprogram.
- * **I går arrangerte** Arena ein forskarkonferanse med tittelen «Europas demokratiske utfordring».
- * **Hovudtalar** var utanriksminister Jonas Gahr Støre.
- * **Hovudemnet** for Støres tale var korleis den økonomiske krisa i Europa påverkar vilkåra for demokrati på kontinentet.
- * **Andre tema** på konferansen var euroskepsis, ein felles europeisk identitet og EUs pengeunion.

Utanriksministeren understreka i talen sin at folk i dei kriseramma landa ikkje ser ut til å vende raseriet sitt mot EU og Brussel, men mot dei nasjonale regjeringane. Dette kan på sikt skape demokratiske utfordringar, fordi det tærar på tilliten i dei kriseramma samfunna, hevda utanriksministeren.


Låg valdeltaking

– Folk manglar tillit til politikarane, Den demokratiske læra frå denne krisa er at det er lett å miste tillit, og veldig vanskeleg å vinne han tilbake, sa Støre.

Han viste til at berre 71 prosent av veljarane i det kriseramma Spania stemte ved parlamentsvalet sist søndag.

– Eg er uroa over den låge valdeltakinga i det spanske valet, sa Støre.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no



Talte om demokrati: Utanriksminister Jonas Gahr Støre vil heller ha teknokratar enn populistar inn i europeiske regjeringskontor.

FOTO: SCANPIX



UTFORDRANDE
«Europa er i dag i ein svært utfordrande demokratisk situasjon.»

ERIK ODDVAR ERIKSEN, PROFESSOR

Husqvarna

A-K pris fra
kr **6 990,-**

Snøfreserene har kommet!
Se www.a-k.no

A-K maskiner

nationen.no • Følg disse sakene i dag

Harryhandel



Grensehandel: Statistisk sentralbyrå legger fram tall for grensehandelen for 3. kvartal.

FOTO: SCANPIX

Posten skal fram til jul. Se bildeserie!



Posten: Jula nærmer seg, og da doubles postmengdene. Rådet er som alltid før å være ute i god tid og merke all post tydelig med navn og adresse.

FOTO: BIRGER MORKEIV/POSTEN

* Følgende saker var mest lest på nationen.no torsdag: 1. Sauebønder tapte mot staten 2. Håper klimaanalyse kan bremse forfall på gården 3. Rapport: - Lønnsomt å dyrke mangfold av sorter